

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Ungdomsrådet		
Levekårsutvalet		

Tildelingskriterium for ekstraordinær tilskotsordning for tiltak retta mot barn og unge i 2026

Kort om saka

Kommunestyret vedtok i møte 18.06.2026 (KS-063/26) å setje av 1 million kroner til ei ekstraordinær, søknadsbasert tilskotsordning for tiltak retta mot barn og unge. Samstundes bad kommunestyret om at det vart lagt fram forslag til tildelingskriterium for ordninga. I denne saka legg kommunedirektøren fram forslag til tildelingskriterium og fullmakt til å gjennomføre ordninga.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek følgjande tildelingskriterium for den ekstraordinære tilskotsordninga for tiltak retta mot barn og unge:

- Tiltaka skal vere retta mot barn og unge i alderen 0–20 år.
- Tiltaka skal gjennomførast i Øygarden kommune eller kome barn og unge i Øygarden kommune til gode.
- Tilskotsmidlane skal fordelast og utbetalast i 2026.
- Tilskot kan berre tildelast tiltak som blir gjennomførte innan utgangen av 2027.
- Tilskot kan tildelast førebyggjande tiltak, mellom anna:
 - ferieaktivitetar og lågterskeltilbod i skuleferiar
 - open hall
 - møteplassar for barn og unge
 - aktivitetstilbod på fritida
 - arbeidstrening for ungdom
- Tiltaka kan vere nye eller vidareføring av eksisterande tiltak. Det blir ikkje gitt tilskot til enkeltarrangement eller ordinær drift.
- Aktivitetane skal vere inkluderande og opne for alle.

- Det kan søkjast om tilskot til mindre utstyr som er nødvendig for gjennomføring av aktivitetane.
- Det blir kravd minimum 10 prosent eigenfinansiering.
- Private aktørar kan søkje dersom dei tilbyr opne og inkluderande aktivitetstilbod for barn og unge.
- Mottakarar av tilskot skal sende inn forenkla rapport innan utgangen av 2027.

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å kunngjere ordninga, fastsetje søknadsfrist, behandle søknader og fordele samt utbetale tilskotsmidlane i 2026 innanfor den økonomiske ramma på 1 million kroner.

3. Kommunedirektøren legg fram ei referatsak for Levekårsutvalet om fordelinga av midlane og resultatet av ordninga når tildelingane er gjennomførte.

Saksopplysningar

Kommunestyret vedtok i møte 18.06.2026 (KS-063/26) å setje av 1 million kroner til ei ekstraordinær, søknadsbasert tilskotsordning for frivillige lag og organisasjonar. Tilskotsordninga skal vere retta mot tiltak for barn og unge. Samstundes bad kommunestyret om at det vart lagt fram forslag til tildelingskriterium for ordninga.

Kommunedirektøren har utarbeidd forslag til tildelingskriterium for ordninga. Kriteria byggjer på prinsippa i kommunen sine ordinære tilskotsordningar, men er særskilt innretta mot tiltak som styrkjer oppvekstvilkåra for barn og unge. Dei prioriterer lågterskel, inkluderande og førebyggjande aktivitetar som kan bidra til deltaking, meistring og sosial inkludering, og som kan redusere økonomiske og sosiale barrierar for deltaking i fritidsaktivitetar.

Føreslåtte tildelingskriterium:

- Tiltaka skal vere retta mot barn og unge i alderen 0–20 år.
- Tiltaka skal gjennomførast i Øygarden kommune eller kome barn og unge i Øygarden kommune til gode.
- Tilskotsmidlane skal fordelast og utbetalast i 2026.
- Tilskot kan berre tildelast tiltak som blir gjennomførte innan utgangen av 2027.
- Tilskot kan tildelast førebyggjande tiltak, mellom anna:
 - ferieaktivitetar og lågterskeltilbod i skuleferiar
 - open hall
 - møteplassar for barn og unge
 - aktivitetstilbod på fritida
 - arbeidstrening for ungdom
- Tiltaka kan vere nye eller vidareføring av eksisterande tiltak. Det blir ikkje gitt tilskot til enkeltarrangement eller ordinær drift.
- Aktivitetane skal vere inkluderande og opne for alle.
- Det kan søkjast om tilskot til mindre utstyr som er nødvendig for gjennomføring av aktivitetane.
- Det blir kravd minimum 10 prosent eigenfinansiering.

- Private aktørar kan søkje dersom dei tilbyr opne og inkluderande aktivitetstilbod for barn og unge.
- Mottakarar av tilskot skal sende inn forenkla rapport innan utgangen av 2027.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Dei føreslåtte tildelingskriteria støttar opp under målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel om at Øygarden skal vere ein god stad å bu, at innbyggjarane skal ha god livskvalitet, og at det skal vere godt å vekse opp i kommunen.

Konsekvensar for folkehelse

Tiltaka vil kunne gi positive effektar for folkehelsa gjennom å fremje deltaking, motverke utanforskap og styrkje sosiale fellesskap for barn og unge.

Økonomiske konsekvensar

Kommunestyret har sett av 1 million kroner frå utbyttet frå Eviny ASA til ei ekstraordinær tilskotsordning for tiltak retta mot barn og unge. Midlane skal fordelast og utbetalast i 2026. Ordninga medfører ikkje behov for ytterlegare budsjettløyvingar.

Vurdering og konklusjon

Kommunestyret har vedteke å setje av 1 million kroner frå utbyttet frå Eviny ASA til ei ekstraordinær, søknadsbasert tilskotsordning for tiltak retta mot barn og unge. Føremålet med ordninga er å styrkje inkluderande og førebyggjande aktivitetstilbod som kan bidra til gode oppvekstvilkår i Øygarden kommune.

Kommunedirektøren vurderer at dei føreslåtte tildelingskriteria legg til rette for at midlane blir nytta til tiltak med størst mogleg samfunnsnytte. Kriteria prioriterer lågterskeltilbod, møteplassar og aktivitetar som fremjar meistring, deltaking og sosial inkludering, særleg for barn og unge som kan oppleve økonomiske eller sosiale barrierar for deltaking.

Kravet om at tiltaka skal gjennomførast i Øygarden kommune eller kome barn og unge i Øygarden kommune til gode, skal sikre at midlane vert nytta i tråd med føremålet med ordninga og kjem kommunen sine innbyggjarar til gode.

Ved å avgrense ordninga til aktivitetar framfor enkeltarrangement blir midlane retta mot tiltak som kan kome fleire barn og unge til gode over tid. Tiltaka må gjennomførast innan utgangen av 2027, medan tilskotsmidlane blir fordelte og utbetalte innanfor budsjetttramma for 2026. Krav om eigenfinansiering og forenkla rapportering bidreg samstundes til ansvarleg forvaltning av offentlege midlar utan å gjere ordninga unødvendig ressurskrevjande for søkjarane.

Kravet om minimum 10 prosent eigenfinansiering skal bidra til lokal medverknad og eigarskap til tiltaka, samstundes som kravet er sett så lågt at det ikkje avgrensar moglegheita for mindre lag og organisasjonar til å søkje.

Kommunedirektøren vurderer vidare at det er positivt at også private aktørar kan søkje om tilskot når dei tilbyr opne og inkluderande aktivitetstilbod for barn og unge. Dette kan bidra til eit større mangfald av tilbod og betre utnytting av lokale ressursar. Kravet om at aktivitetane skal vere opne for alle, sikrar at inkluderingsomsynet blir ivareteke.

Kommunedirektøren vurderer samla sett at dei føreslåtte tildelingskriteria gir eit godt grunnlag for ei målretta og rettferdig fordeling av midlane, og tilrår at kommunestyret vedtek kriteria slik dei ligg føre.